

REGLAR FOR GRANNEKARUSELLEN PÅ SKI (Sist revidert hausten 2009)

1. Formålet med karusellrenna er å skape eit godt skimiljø, for å få ei god breidde og rekruttering.
2. Haustmøte er den høgste instansen for karusellrenna. På møtet blir det fastsett dato for kvart renn, tid, stad, distanse og teknikk. Representantar til dette møtet er ein frå kvar klubb. Møtet blir førebudd og leda av det laget som hadde avslutning førre sesong.
3. Ansvar for premieutdeling og rekneskap blir rullert mellom klubbane. På haustmøte blir det bestemt kva for klubb som skal ha dette ansvaret.
4. Ein person frå kvar klubb fungerer som kontaktperson for karusellrenna. Desse skal behandle ymse saker som eventuelt dukkar opp.
5. Kvar sesong blir det arrangert minimum 5 individuelle renn og 2 stafettar. Premieutdeling skal skje rett etter sesongen. Dersom det er praktisk mogleg kan dette skje same kvelden som siste stafetten blir arrangert.
6. Poengutrekning og premiering individuelle renn.
Vandrepokal: ein i klasse 8-10 år, ein i klasse 11-16 år og ein pokal i 17 år og eldre.
Vandrepokal går til den klubben med flest poeng i kvar klasse. Den går til odel og eige etter å ha vunne den tre gongar.
Individuell premiering:
8-10 år: Må delta i minst 3 renn for å få gjevaste premie. Alle får premie, ein "stor" for 3 renn eller fleire, ein "mindre" premie for 1-2 renn. Inga rangering. 1 poeng pr. renn.
11-16 år: Må delta i minst 3 renn for å få gjevaste premie. Alle får premie, ein "stor" for 3 renn eller fleire, ein "mindre" premie for 1-2 renn. Poengutrekning med rangering (10 p for 1. plass, 9 p for 2. plass osv). Alle får minst 1 poeng.
17 år og eldre: Må delta i minst 3 renn for å få premie. Poengutrekning som for 11-16 år. Premieutdeling skal skje før 1. mai, og dato blir fastsett på møte når renna blir fordelte.
7. Stafettar.
8-10 år: For baa stafettane: Kan blande lag. To premiar, til dei to klubbane med flest lag samla for dei to stafettane.
11-16 år: Stafett Sel, 3 etappar: Gut- og jenteklassar med maks. 39 år samla alder. Lag med baa kjønn går i guteklassa. Premie til beste laget i baa gut- og jenteklasse.
Stafett Rindvang, 2x2 etappar: Gut- og jenteklassar inndelt i 11-12 år og 13-14 år. Premie til beste laget i baa gut- og jenteklasse.
17 år og eldre: Dame- og herrelag. Lag med baa kjønn går i herreklasse. Premie til beste lag i baa klassene for kvar stafett. For stafetten på Rindvang er klassa 15 år og eldre.
Stafettdeltakarar i alderen 8-16 år, som ikkje har deltatt i individuelle renn, får ein "liten" premie for deltaking i stafett.
8. Distansar. For individuelle renn blir vanlege distansar etter skiforbundet sine reglar nytta. Pga. særskilde forhold kan dette fråvikast. Distansar på stafettane blir lagt opp etter type stafett, traselengder hjå den enkelte arrangør osv.
9. Kuldegrense: minus 15 grader. Arrangøren pliktar å varsle kontaktpersonane i dei andre klubbane i rimeleg tid om avlysing av renn.
10. Startkontingent: kr. 30,- pr. renn. For stafettane kr. 50,- pr. lag. Startkontingent blir betalt i etttertid ved at arrangøren rett etter rennet sender resultatliste og oversikt over kor mykje kvar klubb skal betale (blir sendt til kontaktpersonane i klubbane). Kvar klubb har sjølve ansvar for å betale inn kontingenten. Kontonr. 2120.07.27468.